

"Les Misérables" også komande sommar!

Stein-Erik Ovesen

Mange er det som har venta spent på om Bømlo Musikal Laug kjem til å setja opp storsuksessen "Les Misérables" på nytt, og om kva tid dette eventuelt skjer. No er avgjerda teken, og det er klart at det vert ni nye framsyningar også komande sommar!

Styret og medlemmane i Bømlo Musikal Laug har utetter hausten foreteke grundige vurderingar av kva dei skulle gje seg i kast med som det neste prosjektet. Ein ny runde med storsuksessen "Les Misérables" har vore mellom dei heitaste alternativa, men det er mange ting som skulle på plass for å få dette realisert anten sommaren 2004 eller sommaren 2005.



NYE STORE OPPLEVINGAR: Elleve tusen publikumarar hadde store opplevingar i Moster Amfi i august, då "Les Misérables" vart sett opp. Truleg var det mange tusen som ikkje fekk dette med seg, grunna heilt utselde framsyningar. Men no er det duka for nye store opplevingar, då det vert "Les Misérables"-oppsetting i Amfiet også komande sommar. (Foto: Jan Rabben)

Ni nye framsyningar

Laurdag kom endeleg pressemeldinga som avklarar kva Bømlo Musikal Laug (BML) no går i gong med: "Les Misérables" vil vert sett opp på ny komande sommar, med premiere torsdag 5. august 2004 klokka 21.30 i Moster Amfi! I følgje styreleiar i BML og produksjonsleiar også for den komande versjonen av "Les Mis", Kjell Arne Røksund, er det lagd opp til ni framsyningar i perioden torsdag 5. til og med laurdag 14. august. Med andre ord er det sett opp like mange framsyningar neste år som det ein kom opp i inkludert ei ekstra-framsyning no i år.

-Planlegginga av denne oppsettinga er alt godt igong, og billettsalet vil starta i januar/februar 2004, fortel Kjell Arne Røksund.

Dei same i hovudrollane

Etter dei ni framsyningane av "Les Misérables" i sommar var det svært mange av aktørane som umiddelbart gav uttrykk for at dersom det skulle verta ei ny oppsetting, så ville dei svært gjerne vera med att. Dette var også responsen både frå dei profesjonelle og amatørane som hadde hovudrollane. Og no utetter hausten har Bømlo Musikal Laug arbeidd ein heil del med å få avklara kven fra oppsettinga i sommar som er aktuelle også sommaren 2004. Og produksjonsleiar Kjell Arne Røksund seier at dersom BML er heldige, og legg til at det verkar som om ein er, sa vil hovudrolleinnhavarane verta nett dei same sam sist. Det vil seia Rein Alexander (Jean Valjean) og vidare Ståle Ytterli (Javert), Helge Jordal (Thenardier), Britt Sylinøve Johansen (Eponine), Grethe Svensen (Fantine), Heine Totland (Marius), Margrete Lund Skorpen (Cosette), Sigurd Sele (Enjolras), Elin Hestflått (Mdm Thenardier), Havard S. Halvorsen (Gavroche) og Amalie Habbestad/Jenny Larsen (Vesle -Cosette). Også komande sommar er det Amalie Nilssen som vert regissør.

Ei endå betre framsyning

- Me satsar på å laga framsyninga så lik som me kan den me gjorde forrige gong. Men små forandringar og forbetringar vil sjølvstakt verta vurderte undervegs. Difor vonar me på at flest mogeleg av det totale ensemblet fra forrige gong også vert med oss neste år. Målet til BML er at me skal laga ei enda betre framsyning neste sommar. Og me vil difor nytta den grundige evalueringa etter "Les Mis" i år aktivt, og jobba med dei tinga som me ser har eit forbetningspotensial, seier Kjell Arne Røksund. Han legg til at framsyninga sommaren 2004 slik som sommaren 2003 vert ei full sceneversjon utandørs, og i varmt sommermørkre... Og sjølvstakt vert framsyninga også neste år med velsigning frå rettighetshavaren Cameron Mackintosh (overseas) LTD i London. Dette selskapet var då også svært godt nøgd med alt som gjaldt framsyninga av "Les Misérables» i Moster Amfi no i august.